
Saksnr: 2021/26559-2
Saksbehandlar: Jan Heggheim

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		08.09.2021
Fylkesutvalet		21.09.2021
Fylkestinget		29.09.2021

Fylkeskommunen si oppdragsgjevarrolle ovanfor SIVA

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek ny styringsstruktur for Siva som vedlagt.
2. Fylkestinget støttar at det vert oppretta eit programstyre som skal fungere på vegner av alle fylkeskommunane etter styringsstrukturen for Siva. Programstyret rapporterer til fylkeskommunedirektørkollegiet og fylkesordførarkollegiet.
3. Fylkestinget gir fylkeskommunedirektøren fullmakt til, gjennom fylkeskommunedirektørkollegiet, å velje medlemmer til programstyret for Siva.
4. Fylkestinget gir fullmakt til programstyret til saman med KMD å reservere midlar til ein moderat sentral pott for utvikling av programma i Siva.

Samandrag

I samband med at fylkeskommunane overtek oppdragsgjevaransvaret, og dermed utvikling og vedlikehald av nye program for Siva, er det trong for delegering av mynde til eit programstyre. Dette blir gjort med likelydande vedtak i alle dei 11 fylka.

Styringsstrukturen er gjort greie for i eige vedlegg.

Rune Haugsdal
fylkeskommunedirektør

Bård Sandal
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 OPPDRAGSSTYRING SIVA

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkeskommunane overtok oppdragsgjevaransvaret for inkubasjons- og næringshageprogramma i Siva frå 1.1.2020. Dette var eit ledd i regionreforma. Etter overføring av oppdragsgjevaransvaret er det behov for å etablere ein ny styringsstruktur. Struktura må ivareta fylkeskommunane si nye rolle, på nasjonalt og regionalt nivå.

Fylkeskommunane skal:

- a) Følgje opp Siva-programma på nasjonalt nivå og bidra til utvikling av desse.
- b) Ta omsyn til innhald, omfang og ressursinnsats. Her under årlege økonomiske rammer på regionalt nivå.

Difor vert gjort framlegg om at det vert oppretta eit felles programstyre. Dette styret skal ha fullmakt til å styre fellesansvaret for oppdraget på vegner av 11 fylkeskommunar. Programstyret skal innstille på nye program, årlege budsjettinnspel til statsbudsjettet, felles budsjettpostar til programutvikling og -aktivitetar. Styret skal også lage grunnlag for felles saker som omhandlar Siva til 11 fylkeskommunar. Programstyret rapporterer til sine fylkeskommunar gjennom fylkeskommunedirektørkollegiet, og til KMD.

Programstyret består av:

- Fem representantar frå fylkeskommunane (frå leiarnivå)
- Ein observatør frå Innovasjon Norge
- Ein observatør frå Forskningsrådet
- To observatørar frå KMD / NFD

Siva er sekretariat for programstyret. Fylkestinget gir fullmakt til fylkeskommunedirektøren til å velje representantar frå fylkeskommunane gjennom fylkeskommunedirektørkollegiet .

I tillegg vert det oppnemnt eit programråd, som skal vere eit utviklingsorgan for Siva. Siva leier programrådet. Programrådet er rådgjevande for Siva, og fylkeskommunens representantar i programrådet skal også gi råd og innspel til programstyret. Fylkeskommunanes næring- og plankollegium utnemner medlemmer til programrådet.

Siva-programma skal finansierast av årlege rammer som vert vedtekne i statsbudsjettet. KMD fordeler rammer til den enkelte fylkeskommune gjennom årlege tildelingsbrev. Fylkeskommunanes ansvar er skildra i retningslinjer frå KMD. (kap. 553, post 61) Her går det mellom anna fram at: «Fylkeskommunane har ansvar for å utforme, prioritere og finansiere oppdrag til Innovasjon Norge og Siva innanfor ordningane som posten omfattar. Oppdraga frå fylkeskommunane skal vere forankra i regionale mål og planer, utforma i partnerskap med næringslivet og regionale og lokale aktørar.»

Fylkeskommunanes ansvar skal dels ivaretakast av fylkeskommunane enkeltvis gjennom oppdrag til Siva. Dels skal dei også ivaretakast i fellesskap gjennom budsjettinnspel til KMD og innspel til nye satsingar. Deltaking i programutvikling og felles budsjettpostar til programutvikling og -aktivitetar skal også ivaretakast i av fylkeskommunane i fellesskap.

Vedtakskompetanse

Delegering av mynde som skildra her kan berre gjerast av fylkestinget.

Vurderingar og verknader

Nasjonale program med høg standard føreset nasjonal utforming. Det er difor viktig at fylkeskommunane er koordinerte i handteringa av inkubatorar og næringshagar. Fylkeskommunane bør ha en felles styring av dei nasjonale programma og verkemiddel som vart overført som følgje av regionreforma. Fylkeskommunen skal både bidra i utviklinga av programma og prioritere budsjettmidlar til Siva for overføring til næringshagar og inkubatorar.

Fylkeskommunane skal saman bidra til å gi strategisk retning på utvikling og samordning av verkemiddelapparatet.

FK har tidlegare vedteke i felles sak om verkemiddelapparatet: (her kan den enkelte FK sette inn saknummer)

«Fylkeskommunenes mulighet til å påvirke utformingen av nasjonale virkemidler må styrkes gjennom utforming av nasjonale programstyrer, der fylkene gis reell påvirkning.»

Denne saka omhandlar Siva. Tilsvarande problemstillingar vil melde seg i handteringa av ordningar i Innovasjon Norge og mobiliseringsprogrammet FORREGION i Forskningsrådet. Fylkeskommunedirektøren vil komme tilbake med eigne saker om dette.

Økonomi:

Administrative midlar til drift av Siva går rett frå KMD til Siva. Midlar til næringshagar og inkubatorar blir overført etter budsjettvedtak i fylkeskommunane.

Midlar til utvikling av nasjonale element i programma kan reserverast frå post 61 til ein moderat sentral pott etter semje med fylka. Det vert gjort framlegg om at programstyret får fullmakt til å vedta den sentrale potten i samråd med KMD.

Konklusjon

Fylkeskommunedirektøren tilrår vedtak slik det går fram av innstillinga.